

Emne nr. 90

### **PRAKTISK MISJONSARBEID**

Arbeidet for indre og ytre misjon har i landet vårt hatt to sider:

- A. Eit vekkingsarbeid som tok sikte på å vinna flest mogeleg for Kristus og dermed gjera dei interessert i misjonsarbeidet.
- B. Samla inn pengar til misjonsarbeidet.

Det arbeidet som er nemnt under A, skil seg ikkje nemnande frå vanleg kristeleg møteverksemd. Vi reknar difor med at vi har fått opplysningar om det i svara på spørjelige nr. 89, Kristeleg møteverksemd og møteform. Der skulle vi også ha fått opplysningar om dei lag som driv arbeid for dei ymse slag ytre og indre misjon.

Denne lista gjeld difor berre det arbeid som vert gjort for å samla inn pengar til misjonsarbeidet og den form som dette arbeidet har hatt og har.

Dette innsamlingsarbeidet har hatt og har mange former, men vi kan samla dei i tre hovudgrupper:

- a. Det vert laga eller samla inn ting som vert gjort om i pengar ved salg eller utluting.
- b. Det vert samla inn pengar på møte, festar og på annan måte.
- c. Det vert samla inn pengar til misjonen ved hjelp av misjonsåkrar, misjonslam, misjonsgarn og lignende.

Vi har redigert spørjelige i samsvar med dette. Det meste av det arbeid som er nemnt under punkt a, vert gjort av kvinneforeningar. Det er tanken at kvinneforeningane seinare skal verta emne for ei seskilt spørjelige, men her vil vi likevel be om svar på desse spørsmåla:

1. Kor mange misjonskvinneforeningar er det i bygda i dag, og kva for ein misjon arbeider dei for?
2. Har ein kjennskap til når den første kvineforeningen i bygda vart skipa?

3. Er det nokon ”mannsforening” i bygda i dag, d.v.s. ein forening av menn som er organisert og arbeider for misjonen på same måten som ein kvinneforening?
4. Dersom det ikkje er nokon slik forening i bygda i dag, har ein då kjennskap til at det har vore slike foreningar tidlegare og i tilfelle når?
5. Kva for ting er det serleg kvinneforeningane har laga og lagar for misjonen (strikka saker (spøt), vevnad, saum)?
6. Kva for ting er det serleg ”mannsforeningane” har laga og lagar for misjonen (tresko, rivehovud, tønneband)?
7. Har ein kjennskap til at mannsforeningane har leigt seg sjølv ut til arbeid for betaling som vart gitt til misjonen? Kva slag arbeid var i tilfelle det og kor stor løn fekk dei?
8. Har ein kjennskap til at kvinneforeningen, ”mannsforeningen” eller misjonslaget i bygda sende dei tinga dei hadde laga eller samla inn, beinveges til hovudorganisasjonen? Var dette i tilfelle ting som hovudorganisasjonen måtte gjera om i pengar, eller var det ting som kunne nyttast av organisasjonen slik dei var, t.d. klær til elevane ved misjonsskulen, misjonærane, misjonærbarna, elevane ved skulane på misjonsmarka e.a.? – Det ville vera greitt om De i tilfelle kunne nemna konkrete døme; vi vil også gjerne få vita når dette i tilfelle gjekk for seg.
9. Har ein kjennskap til at kvineforeningen, ”mannsforeningen” eller misjonslaget har latt ein handelsmann i bygda eller næraste byen selja dei tinga dei hadde laga eller samla inn til beste for misjonen? Har det hendt ofte, vert det også gjort i dag, eller når vart det i tilfelle slutt med det?
10. Kjenner ein til at einskildpersonar har gjort arbeid eller gåver til misjonen om i pengar på denne måten?
11. Her ein kjennskap til at kvinneforeningen, ”mannsforeningen” eller misjonlaget har selt dei tinga dei hadde laga eller samla inn til misjonen, på ei serskilt tilstelling? – Om utlodding, sjå nedanfor.
12. Kva kalla ein denne tilstellinga: auksjon, utsalg, basar, markandveke e.a.?

13. Kor mange dagar vara denne tilstellinga?
14. Gjekk salget for seg heile dagen eller berre ei tid av dagen?
15. Var og er det vanleg å ha ein seremoni når ei slik tilstelling vart (vert) åpna, og korleis var (er) i tilfelle denne (andakt, song, tale og lignende)?
16. Dersom tilstellinga vara (varer) i fleire dagar, var (er) det då vanleg å ha tale, song og lignende ein eller fleire gonger i den tida tilstellinga vara (varer)?
17. Var eller er det vanleg å ha noko slag servering eller salg av mat på slike tilstellingar?

Det var gildt om De – i tillegg til svara på sp. 10-16 – kunne gi ei samanhengande skildring av ei vanleg tilstelling av dette slaget eller av ei serskilt tilstelling som De sjølv har vore med på. Dersom De gjer det siste og veit at denne tilstellinga var noko uvanleg, vil vi gjerne at De skal gjera merksam på det.

18. Har det vore og er det vanleg i Dykkar bygd at kvinneforeningen, ”mannsforeningen” eller misjonslaget loddar ut dei tinga som dei har laga eller samla inn til beste for misjonen?
19. Har dei gjort eller gjer dei dette ved å gå krigom i bygda og selja lodd, og var (er) det ein vanleg måte å gjera det på?
20. Har ein kjennskap til at også einskildpersonar har lodda ut gåver til misjonen på denne måten?
21. Har det vore vanleg i Dykkar bygd at kvinneforeningen, ”mannsforeningen” eller misjonslaget har lodda ut tinga på ei serskilt tilstelling der tinga var samla og der ein selde lodder?
22. Kva kallar ein ei slik tilstelling (basar)? Hadde tilstellinga eit anna namn tidlegare, og kva for eit namn var i tilfelle det?
23. Var tinga utstelt, og korleis var det gjort?
24. Lodda ein ut berre dei tinga som foreningane og foreningsmedlemene hadde laga og samla inn, eller kjøpte ein også ting

som ein lodda ut, og kva slags ting var det (steinty, kjøkkenutstyr, reiskap, frukt, kake e.a.)?

25. Har ein kjennskap til når det første gongen var ei slik tilstelling i bygda, kven var det som stod for den og korleis gjekk det for seg der?
26. Varer ei slik tilstelling ein, to eller fleire dager, og er det i så måte nokon skilnad på før og nå?
27. Er det vanleg at tilstellinga (loddosalget) varer heile dagen, eller går det for seg berre på ein viss del av dagen (kvelden)? Er det i så måte nokon skilnad på før og nå, og korleis?
28. Korleis går loddosalget for seg (ved loddbøker, linjerte skrivebøker med nummer for kvar line eller på annan måte)? Er det i så måte nokon skilnad på før og nå?
29. Er det vanleg å ha ei slik tilstelling på ein søndag, eller vil ein helst ha den på kvardagar? Kva grunnar har ein for det? Er det i så måte nokon skilnad på før og nå?
30. Kva årstid reknar ein for best til slike tilstellingar, og kva grunnar har ein for dette (ikkje slik tilstelling når mannfolka er på fisket eller lignende)? Er det i så måte nokon skilnad på før og nå? Kjenner ein til at det har vore strid mellom foreningane om basardagane, og kjenner ein til at dei har gjort avtale seg i mellom om dette?
31. Kva for lokale har det vore vanleg å nytta til slike tilstellingar (bedehuset, forsamlingshuset)? Har ein kjennskap til at andre lokale har vorte nytta (ein stor låve, eit sjøhus eller lignende), og kva var gunnen til at ein gjorde det? Har ein kjennskap til at ein har hatt slike tilstellingar i friuluft, og var det nokon serskilt grunn til det?
32. Har det vore vanleg at ein har andakt, tale og lignende under ei slik tilstelling, og når vart og vert i tilfelle dette gjort (med same tilstellinga tar til, under sjølve tilstellinga eller når den er slutt)?
33. Har det vore vanleg å ha loddtrekking under sjølve tilstellinga, eller går den for seg seinare?
34. Har det vore vanleg å ha servering på slike tilstellingar? Vart og vert det gjort på den måten at ein betaler inngangspengar og får sams servering, eller slik at alle har

høve til å kjøpe mat? Er det i så måte nokon skilnad på før og nå?

35. Kor stort er det distriktet som ”søkjer” til dei ymse tilstellingar av dette slaget i bygda (berre garden, berre grenda, heile bygda, andre bygdelag)? Er det vanleg at det vert sett opp ekstabussar eller -båtar i samband med slike tilstellingar i Dykkar bygd? ”Søkjer” folk frå Dykkar bygd til slike tilstellingar i andre bygder eller byar i nærleiken, og vert det sett opp ekstrabussar eller -båtar for det?
36. Har det vore slik at folk stort sett gjekk mann av huse til slike tilstellingar, eller var og er det berre visse grupper som gjekk og går dit? Kva for grupper var og er i tilfelle det, og er det i så måte nokon skilnad på før og nå?
- 36 b. Har det vore vanleg å ha skulefri basardagen?
37. Er det kristelege lag eller grupper i bygda som er prinsipielt mot slike tilstellingar, kva for lag eller grupper er i tilfelle det, og kva for grunnar segjer dei at dei har for det?
38. Er det andre organisasjonar enn kvinneforeningane og misjonslaga som har slike tilstellingar i bygda, og kva for lag og organisasjonar er i tilfelle det?
39. Er det vanleg at kristelege lag eller grupper i bygda samlar inn pengar til misjonen på møta sine? Har dei då slik innsamling på kvart møte, og korleis går denne innsamlinga for seg (ved kollekt eller ved innsamlingsbøsser som står framme under møtet)? Er det vanleg at kvinneforeningane har slik innsamling på møta sine?
40. Har ein kjennskap til at misjonslaget har fastsett den sumen eller ei øvste grense for den sumen ein skulle gi ved slike ”faste” innsamlingar – i eldre tid t.d. 1 øre eller 10 øre, i nyare tid 1 krone? – Vi ville gjerne få så mange detaljer om dette som mogeleg.
- 40 b. Har det vore skillingsforening i Dykkar bygd, og korleis arbeidde den?
41. Har det vore vanleg at misjonslaget i bygda deler ut innsamlingsbøsser som vert sende attende til laget når dei er fulle eller etter ei viss tid? Vert i tilfelle desse bøssene

delte ut berre til medlemene, eller vert dei også gitt til andre? Dersom dei vert gitt til andre, korleis er då framgangsmåten?

42. Kva for misjonslag i bygda er det om gjer dette (samlar inn ved bøsse)? Har ein kjennskap til når denne innsamlingsmåten første gongen vart tatt i bruk i bygda, og kva for misjonslag var det som først gjorde dette?

43. Har det hendt og er det vanleg at slike bøsse vart og vert sette fram på offentleg stad (t.d. kommunelokalet) eller på ein stad der det går mykje folk (hjá handelsmannen, på samvirkelaget, meieriet eller lignende)?

44. Har ein kjennskap til at andre liknande innsamlingsmåtar (t.d. ved såkalla ørebøker) har vore brukte i bygda? Gjer då greie for når dette vart gjort, kven som gjorde det og korleis det vart gjort.

45. Er det vanleg at kristelege lag og organisasjonar skipar til ei heil rad med møte, gjerne kavardag ei heil vike, der dei freistar gjera folk interesserte i den sak og den misjon dei arbeider for og der dei samlar inn pengar til dette arbeidet? Kva kallar dei ei slik rad med møte (offervike)?

46. Har ein kjennskap til når det første gongen vart skipa til ei slik offervike i Dykkar bygd, og kva for lag eller gruppe var det som gjorde dette?

47. Hadde dei nokon serskilt grunn for å ta til med ein slik ny måte å samla inn pengar på?

48. Har ein kjennskap til at ein eller fleire einskildpersonar eller lag i Dykkar bygd har tatt på seg kostnaden ved visse mindre oppgåver på misjonsmarka, t.d. kostnaden ved å halda ein elev på barneskulen ved misjonsstsjonen eller lignende? Vi vil då gjerne få vita namnet på den eller dei som gjorde dette, når dei gjorde det og kva for ei oppgåve dei tok på seg.

48 b. Har ein kjennskap til at ein eller fleire einskildpersonar eller ein forening i bygda har gitt pengar for å få kjøpt fri eit slavebarn?

48 c. Har ein kjennskap til at personar som vart døypt på misjonsmarka, vart "kalla opp" etter personar i Dykkar bygd? Kven var det som vart "kalla opp", og kvifor vart dette gjort?

49. Har ein kjennskap til at det har vore såkalla misjonsåkrar i Dykkar bygd?
50. Har ein i tilfelle kjennskap til den eldste misjonsåkeren i bygda, kvar den låg, når den vart tatt i bruk første gongen, kven som åtte den (åtte jorda), kven som dreiv den og kva dei dyrka der?
51. Dersom det er mogeleg, vil vi gjerne få greie på kor mange misjonsåkrar det har vore i bygda, kvar dei låg, kven som dreiv dei (einskildpersonar eller misjonslag) og kva for ein misjon som fekk inntekta.
52. Var misjonsåkeren eit visst avgrensa jordstykke som kvart år vart nytta til inntekt for misjonen, og kor mange slike misjonsåkrar var det i bygda,
53. eller var misjonsåkeren ein viss avgrensa del av årets åkerareal, og kor mange slike misjonsåkrar var det i bygda,
54. eller hadde ein misjonsåker på den måten at ein tok ein viss del av årets avling, t.d. det om ein kunne rekna for medelavling av eitt mål, og gav det til misjonen? Kor mange var det i tilfelle som hadde slik ”misjonsåker”?
55. Dersom misjonslaget eller ein annan organisasjon åtte misjonsåkeren, hadde det då kjøpt jorda, eller hadde det flått den som gåve?
56. Dersom misjonslaget eller ein annan organisasjon brukte misjonsåkeren utan å eiga jorda, hadde det då fått den til bruk gratis, eller leigde det jorda? Korleis var i tilfelle legevilkåra?
57. Kor store var misjonsåkrane?
58. Var nokon av misjonsåkrane i bygda rydja av rå rot, og kva for misjonsåkrar var i tilfelle det?
59. Var og er det misjonsåkrar i bygda som var (er) skyldsette, og når vart i tilfelle det gjort?
60. Hadde eller har nokre av misjonsåkrane i bygda eit sereskilt namn, og kva for namn var (er) i tilfelle det?
61. Var eller er det i bygda ein eller fleire misjonsåkrar som var (er) ein eigen institusjon med skrivne vedtekter og eige styre? Når vart i tilfelle denne eller desse misjonsåkrane ”skipa”, kven var det som sette opp dei første vedtektene og valde det første styret, kven var (er) det som valde (vel)

nytt styre og gjorde (gjer) eventuelle brigde i vedtektene? – Vi ville i tilfelle svært gjerne få avskrift av slike vedtekter.

62. Kva dyrka(r) dei på misjonsåkrane?
63. Kven var eller er det som gjorde (gjer) arbeidet på misjonsåkeren?
64. Dersom eigar og ”brukar” av misjonsåkeren ikkje var eller er ein og same person, kven var (er) det då som heldt eller held gjødsla til åkeren?
65. Korleis vart eller vert avlinga på misjonsåkeren gjort om i pengar?
66. Er det misjonsåkrar i bygda i dag, kvar ligg dei, kven er det som eig jorda, kven er det som brukar åkeren, kva dyrkar dei der, og kva for misjon er det som får inntekta?
67. Har ein kjennskap til at barna har dyrka blomar eller grønnsaker til beste for misjonen på eit jordstykke som dei fekk til slik bruk i hagen eller andre stader?
68. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har nytta visse engstykke, utslåtter, slåtteholmar eller lignende til beste for misjonen, og koreleis vart i tilfelle det gjort?
69. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har hatt misjonstre eller -buskar, d.v.s. frukttre eller bærbuskar som vart nytta til beste for misjonen? Kva slag frukttre eller bærbuskar var i tilfelle det?
70. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har plukka bær (blåbær, tyttebær, multer), eller samla karve eller andre nyttevokstrar til inntekt for misjonen, og korleis var i tilfelle framgangsmåten?
71. Har ein kjennskap til at dei har hatt såkalla misjonslam i Dykkar bygd, d.v.s. lam som misjonen skulle ha inntekta av?
72. Har ein i tilfelle kjennskap til det første misjonslammet i bygda, og kven var det som hadde det?
73. Hadde misjonslaget eller andre organisasjonar i bygda misjonslam?



74. Hadde kvinneforeningane misjonslam?
75. Var det einskildpersonar som hadde misjonslam?
76. Har ein kjennskap til at fleire personar i same huslyden hadde kvar sitt misjonslam, og kva for personar var i tilfelle det?
77. Valde dei ut misjonslammet om hausten,
78. eller valde dei det ut om våren?
79. Dersom dei tok ut misjonslammet om våren, var det då nokon serskilt grunn til at dei gjorde det på den tida og ikkje om hausten?
80. Dersom dei valde misjonslam om våren, tok dei det då ut straks det var fødd?
81. Dersom dei tok ut misjonslammet om våren, tok dei då helst eit saulam eller eit verlam?
82. Dersom det var så at dei helst tok anten eit saulam eller eit verlam, var det då nokon serskilt grunn for det?
83. Dersom dei hadde ein sau som hadde vore misjonslam, tok dei då helst eit lam under den som misjonslam?
84. Var det andre ting enn dette dei tok omsyn til når dei valde ut misjonslam om våren (storleik, trivnad, farge, serlege kjenneteikn og lignende)?
85. Har ein kjennskap til at det vart gjort nok sers når dei tok ut misjonslam (bøn, signing eller lignende)?
86. Fekk misjonslammet same øyremerket som dei andre lamma, eller hadde det sitt eige øyremerke?
87. Fekk misjonslammet same slag klave som dei andre lamma, eller fekk det sin eige klave? Dersom det fekk sin eigen klave, kava heitte då denne klaven (misjonsklave), og korleis skilde den seg ut frå dei andre klavane? – Det tykkjest ha vore vanleg at misjonslammet fekk sin eigen klave. Dersom det har vore så i Dykkar bygd også, vil vi gjerne få vita om det finnst slike klavar i bygda i dag.
88. Dersom misjonslammet ikkje hadde sitt eige øyremerke eller sin eigen klave, hadde dei då noko anna merke på det?
89. Fekk misjonslammet noko sers stell, eller vart det stelt på same måten som dei andre lamma?
90. Var det vanleg tru at misjonslammet alltid kom heim or fjellet, og kjenner ein tilfelle då misjonslammet kom bort om sommaren?

91. Dersom misjonslaget hadde misjonslam, kven var då fôrvert for det, og korleis var tilhøvet mellom fôrverten og laget?
92. Dersom kvinneforeningen hadde misjonslam, kven var då fôrvert for det, og korleis var tilhøvet mellom fôrverten og kvinneforeningen?
93. Dersom misjonslaget hadde misjonslam, korleis vart det då gjort om i pengar eller nytta til beste for misjonen?
94. Dersom kvinneforeningen hadde misjonslam, korleis vart det då gjort om i pengar eller nytta til beste for misjonen? Var det t.d. vanleg at foreningen nytta ulla av misjonslammet for foreningsarbeidet? Kva gjorde dei då med lammet?
95. Korleis vart dei misjonslamma som var personleg eigedom gjort om i pengar?

Dei har sjølsagt gjort misjonslammet om i pengar på mange ulike måtar. Det er vanskeleg å formulere spørsmåla slik at vi nemner alle kjende og tenkelege framgangsmåtar. Vi må difor be om at De svarar så konkret og utførleg som mogeleg på sp. 91-93. Nedanfor (sp. 94-95) har vi spurt om nokre omstende som vi gjerne vil ha opplysningar om, og vi vil gjerne at De skulle svara på desse spørsmåla endå om De skulle ha nemnt desse omstenda i svara på sp. 91-93.

96. Hende det eller var det vanleg at misjonslammet vart selt til slakt?
97. Var det mest vanleg at dei nytta berre ulla av misjonslammet til beste for misjonen?
98. Korleis gjekk det med misjonslammet når det vart vaksen sau, vart det verande misjonslam og nytta slik så lenge det levde, eller vart det "vanleg" sau som vart nytta på vanleg måte? Dersom misjonslammet vart "misjonssau", vart det då likevel kalla misjonslam? Kjenner ein til at det har vore fleire "generasjonar" misjonslam i bygda?
99. Sume stader hadde dei "lammabasar" om hausten. Etter det vi veit, var det ein auksjon der dei selde misjonsamma. Har det vore noko tilsvarande i Dykkar bygd, når vart det gjort, kven var det som stod for det og korleis gjekk det då for seg (auksjon eller utlodding, andakt, servering)?
100. Er det nokon i bygda som har misjonslam i dag? Dersom så er, kan De då segja så nokolunde kor mange misjonslam det er i

bygda i dag? Korleis vert dei nytta? Dersom det ikkje er nokon som har misjonslam i dag, når vart det då slutt med denne skikken?

101. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har hatt misjonsgeit, og når var i tilfelle det? Korleis vart i tilfelle misjonsgeita nytta til beste for misjonen?
102. Vart i tilfelle misjonsgeita ”sett på” som misjonsgeit medan den ennå var kje?
103. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har hatt misjonsgris, og når var i tilfelle det? Korleis vart i tilfelle misjonsgrisen nytta til beste for misjonen?
104. Vart i tilfelle misjonsgrisen ”sett på” som misjonsgris medan den ennå var grisunge? Hadde dei noko sers merke på den?
105. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har hatt misjonskalv, og når var i tilfelle det? Korleis vart i tilfelle misjonskalven nytta til beste for misjonen?
106. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har hatt misjonsku, og når var i tilfelle det? Korleis vart i tilfelle misjonskua nytta til beste for misjonen? – Sjå også dei neste spørsmåla.
107. Har ein kjennskap til at nokon i bygda gav mjølk til misjonen, og når hende i tilfelle det?
108. Gav dei då all mjølka av ei viss ku,
109. eller gav dei eit visst mål av ei viss ku, og kva for eit mål var i tilfelle det,
110. eller gav dei eit visst mål av heile buskapen, og kva for eit mål var i tilfelle det?
111. Korleis vart misjonsmjølka gjort om i pengar, og korleis kunne ein skilja misjons-mjølkepengane frå dei andre mjølkepengane?
112. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har hatt misjonshøne, og når tok dei til med det?
113. Var dette ei viss høne i flokken,
114. eller heldt dei misjonshøne på den måten at dei gav misjonen det som dei rekna var medelyting av ei høne?

115. Har ein kjennskap til at nokon i bygda gav misjonen dei egga dei fekk ein viss vikedag? Kva for vikedag var det helst dei valde til dette (søndag-egga)?
116. Har ein kjennskap til at det har vore eggeforeningar i bygda, når var i tilfelle det og korleis arbeidde dei til beste for misjonen? Var det ein forening for born eller for vaksne?
117. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har hatt ender, gjæser eller kalkuner til beste for misjonen?
118. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har hatt bikuber til inntekt for misjonen, og når var i tilfelle det?
119. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har laga til reir for ærfuglen og nytta inntekta frå desse reira til beste for misjonen? Når hende i tilfelle det, og korleis vart det gjort?
120. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har sankt egg og dun til inntekt for misjonen? Når hende i tilfelle det, og korleis gjekk det for seg?
121. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har hatt misjonsteine som dei fiska med til beste for misjonen, og når tok dei til med det?
122. Hadde misjonslaget misjonsteiner, og kven var det som fiska med dei?
123. Var det nokon i bygda som hadde meir enn ei misjonsteine?
124. Kva var det dei fiska med misjonsteinene?
125. Hadde dei eit sers merke på misjonsteina for å skilja den ut frå dei andre teinene, og korleis var i tilfelle dette merket?
126. Er det nokon som har misjonsteine i bygda i dag?
127. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har hatt ruser eller andre faste fiskereiskapar som fiska for misjonen? Kva var det dei fiska med desse reiskapane?
128. Har ein kjennskap til at nokon i Dykkar bygd har hatt misjons-

line, d.v.s. ei line som dei fiska med til beste for misjonen, og når tok dei i tilfelle til med det?

129. Var dette i tilfelle ei heil line, eller var et berre viss krokar på ei, fleire eller alle linene som fiska for misjonen? Var det i siste tilfelle nokon fast regel for kva for krokar dette skulle vera (dei ytste, dei midtre)?
130. Korleis ordna dei seg dersom ein eller fleire men ikkje alle på ein linebåt ville fiska for misjonen?
131. Har ein kjennskap til at det er nokon i bygda som har misjonsline i dag?
132. Har ein kjennskap til at nokon i Dykkar bygd har hatt misjongarn, d.v.s. garn som dei fiska med til beste for misjonen, og når tok dei i tilfelle til med det?
133. Kva var det dei fiska med misjongarnet (sild, makrell)?
134. Har misjonslaget hatt misjongarn, og kven var det som fiska med det?
135. Var misjongarnet ei heil garnlengd, eller var det berre ein eller fleire bolkar av garnlengd? Kva for bolkar var i tilfelle dette (dei ytre, dei midtre), og var dei merkte på nokon måte?
136. Korleis ordna dei seg dersom ein eller fleire men ikkje alle på eit båtlag ville fiska med garn for misjonen?
137. Har ein kjennskap til at det er nokon i bygda som har misjongarn i dag?
138. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har fiska med not for misjonen, og korleis gjekk det for seg?
139. Har ein kjennskap til at nokon i bygda bruka å gi misjonen den første laksen dei fekk i året? Er det nokon som gjer slik i dag?
140. Har ein kjennskap til at nokon i bygda bruka å gi misjonen det dei fiska på visse fastsette dagar, t.d. første fiskedagen i månaden? Er det nokon som gjer slik i dag?
141. Har ein kjennskap til at det var båtlag i bygda som bruka å gi misjonen ein viss del av fortienesta når fisket (silde-, torske-, brisling-, makrell- eller hummarfisket) var slutt?

Kor stor del var det i tilfelle vanleg å gi? Er det båtlag som gjer slik i dag?

142. Har ein kjennskap til at nokon i bygda har hatt snarer, feller eller andre fangstinnretningar som fanga for misjonen, og korleis var i tilfelle framgangsmåten? Er det nokon som gjer slik i dag?
143. Har ein kjennskap til at nokon bruka å gi misjonen jaktresultatet på visse dagar i året eller sesongen, t.d. første jaktdagen i månaden eller i sesongen. Er det nokon som gjer slik i dag?